


# BJERKREIMS NYTT



## VAL

### Kommunestyre- og fylkestingsvalet 11. september 2023

#### Kven har stemmerett?

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet har følgjande stemmerett:

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av valåret og som er, eller har vore, registrerte som busette i Noreg.
- Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som har vorte registrerte som busette i Noreg seinast 30. juni i valåret.
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som har vore registrerte som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen.

Du må dessutan stå i manntalet.

#### Sjekk om du står i manntalet

Manntalet ligg ut til offentleg ettersyn på kommunehuset t.o.m. valdagen.

Dersom du ikkje står i manntalet i Bjerkreim kommune, kan du ikkje stemma her på valdagen

Dersom du meiner at du eller nokon andre er feil innført, eller ikkje står i manntalet til kommunen, kan du krevja at valstyret rettar opp feilen. Kravet må vera skriftleg og grunngjeve og sendast til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no).

#### Du kan førehandsstemma

- På kommunehuset i opningstida t.o.m. 8. sept. kl. 15.00
- Det kan avtalast tid for førehandsstemming utanom opningstida (tlf. 51 20 11 99)
- Utvida opningstid 4. og 5. september – kl. 15.00-19.00 på kommunehuset

Husk å ta med legitimasjon og valkort! Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

Tid for førehandsstemming på Bjerkreim omsorgssenter blir onsdag 6. sept. kl. 11.15-12.30.

#### Du kan søkja om å få stemma heime

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan koma seg til eit lokale og stemma på valdagen eller på førehand, kan søkja om å få stemma der vedk. oppheld seg (heime). Du kan ringa eller senda ein enkel søknad innan 6. september kl. 15.00, til: tlf. 51 20 11 99 / Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no).

#### Opningstidene på valdagen

kl. 10.00 – 20.00 på Bjerkreim bedehus, Bjerkreim.

kl. 10.00 – 21.00 på Bjerkreim kommunehus, Vikeså.

Du som står i manntalet i kommunen kan velja om du vil stemma på Bjerkreim eller på Vikeså.

Husk å ta med legitimasjon og gjerne også valkort (merk at valkort gjeld ikkje som legitimasjon)!

Husk at det er to val, og du kan ta to stemmesetlar (rosa og blå)!

Meir om valet kan du lesa på [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no) eller [www.valg.no](http://www.valg.no)

**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
SEPTEMBER 2023**



## KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00  
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00  
www.bjerkeim.kommune.no

## BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20  
biblioteket@bjerkeim.kommune.no  
Måndag 15.00 - 19.00  
Tysdag 14.00 - 18.00  
Onsdag 14.00 - 18.00  
Torsdag 12.00 - 15.30  
Fredag 12.00 - 15.30

## DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

## NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkeimsnytt må vere inne før tysdag 19. september kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 28. september. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

## UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

## KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

## ANSVARLEG:

Kulturkontoret

## TRYKK OG

## GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint



## Hei, gode sambygdingar!

### Val 2023

Livet består av mange val. Den 11. september er det igjen kommuneval. I denne perioden har vi samarbeidd godt i kommunestyret. Det meiner eg har vore til det beste for Bjerkeim.

«Eit Bjerkeim som går på skinner». Gode tenester, god kvalitet, sunn og trygg økonomi og framoverlente innbyggjarar og tilsette. Bjerkeim har styrka seg på omdømme og hatt ein storstilt satsing på kommunikasjon og destinasjonsutvikling.

Eg er stolt av mykje, men mest stolt av samhaldet i kommunestyret, godt samarbeid, god dialog, små eller ingen konflikter. Det gir grunnlag for gode vedtak, framdrift og optimisme. Eg er også stolt over arbeidet mellom politikk og administrasjon. Det fungerer godt i Bjerkeim, og går på skinner!

No skal bjerkeimsbuane igjen velja seg eit kommunestyre som skal arbeida for framtida. Dei som blir valt skal ta stilling til store spørsmål i tida som kjem. Skal Bjerkeim halda fram som eigen kommune? Kor skal ny E39 gå? Skal det byggast ut meir vann- og vindkraft? Sakene kan bli store dei neste fire åra. Samtidig skal dei halda fokus og arbeida for at vi framleis har ein trygg økonomi, og handlingsrom for å ta vare på alle. Dei små, dei store, dei eldre og dei mest sårbare i alle livsfasar.

Dei skal arbeida for framleis god økonomi når alle valforslaga skal innfris. Om det er nydyrkingstilskot, lærartettleik, frivilligheit eller fritidskort. Dei skal arbeida for at Bjerkeim får nye innbyggjarar og arbeidsplassar. Slike ting kjem ikkje av seg sjølv. Slike ting kjem av politiske prioriteringar.

Ei slik prioritering er bygging av eit nytt omsorgssenter, eller ei utvikling av Vikeså sentrum. Eller eit ja eller nei til meir fornybar energi. Val om å vera med der det skjer i næringsutvikling, ta moglegheitene som teknologi og samfunnsutvikling gir oss. I North Sea Energy Park har vi store moglegheiter. På Røysland blir det utvikla næringsstomter vegg i vegg med kjøkkenproduksjon. Prioriteringar, satsing og vilje til å utvikla og vera med når toget går. Eit aktivt landbruk som utviklast og fylgjer med i tida, som tek klimaspørsmålet på alvor, og som ønskjer å vera med på endring.

Eg snakkar med fleire tilsette i Bjerkeim. Og det går igjen på kommunehuset, skulane, barnehagane og på omsorgssenteret. Vi har fleire hender no, kvaliteten aukar, og vinnarane er brukarane av tenestene. Det er det som er kommunens viktigaste oppgåve: God kvalitet på kommunale tenester. Der er vi på rett veg, eller rett tog. Uansett - så går det på skinner!

Val er aldri enkelt. Men stabil utvikling og godt arbeid over tid gir resultat. Er du villig til å endra kurs? Eller skal Bjerkeim halda fram trygt og godt på skinnene inn i framtida?

Valet er ikkje mitt, men ditt! Lukke til, godt val!

Vennleg helsing, *Kjetil*

### POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Gruppemøter:	Måndag 04.09 og 25.09	kl. 19.00
Kommunestyre:	Tysdag 05.09	kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 26.09	kl. 13.00
Kontrollutval:	Måndag 18.09	kl. 14.00
Ungdomsrådet:	Tysdag 26.09	kl. 17.00
Levekårsutvalet:	Onsdag 27.09	kl. 13.00
LMT-utvalet:	Onsdag 27.09	kl. 19.00
Fellesråd for eldre og funksjonshemma	Torsdag 28.09	kl. 13.00

**VIKESÅ TAXI**  
51 45 19 00





## MARKNADSDAG PÅ KLØGETVEDTTUNET

Søndag 03.09 kl. 13.00 - 16.00

Gammeldags marknadsgdag med salg av mange ulike hjemmelagede produkter: spekemat, honning, håndlagde kort, akvareller, bilder, lys, saueskinn, sitteunderlag, diverse mat, kunst fra Ukraina mm.

Smed i smia. Pøsegrilling og leker.

Det er ennå plass til flere utstillere, meld deg gjerne på til Bjerkreim kulturkontor på telefon 988 80 147. Gratis adgang, guiding på Kløgetvedtunet etter forespørsel.

## TIL ALLE LAG OG FORENINGAR!

Bjerkreim kommune sin google-kalender vert no ikkje vidareført. Frå no av er det ynskjeleg at alt som kjem i Bjerkreimsnytt etter kvart vert registrert i Friskus. Er du usikker på korleis du opprettar brukar her, vennlegast ta kontakt med frivillighetskoordinator Line Pettersen, så får du hjelp til dette. Berre ring kommunen sitt sentralbord: tlf. 5120 1100. Nettside: [bjerkreim.friskus.com](http://bjerkreim.friskus.com)

## SVØMMEKURS HØST 2023

Oppstart etter høstferien, påmeldingsfrist 4. oktober. 8 kursdager, kursdag er fredager:

Kl. 15.45 - 16.30 - grunnkurs

Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn

Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs

Kl. 18.00 - 18.45 - vid 1

Kl. 18.45 - 19.30 - vid 2

Elektronisk søknad skjema og meir informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sine hjemmeside under Skjema/søknadssenter - kultur og fritid. Det tas forbehold om endringer. **MINNER OM HVOR VIKTIG DET ER AT ALLE LÆRER Å SVØMME!**

## BADEVAKTER

Vi trenger gode badevakter/assistenter til offentlig svømming og svømmekurs fra etter høstferien til påske. Se kommunen sin nettside under Ledige stillinger. Søknadsfrist 14.09.23.

## TILTAKSSTØTTE KULTUR

Lag og organisasjoner kan søke støtte til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Elektronisk søknadsskjema finner du på kommunens hjemmeside under Skjema, Kultur og fritid. Frist: 10. september!

## KULTURMINNEMIDLER

Bjerkreim kommune deler hvert år ut kr 30 000,- i kulturminnemidler. Pengene skal fortrinnsvis gå til vedlikehold eller restaurering av bygninger som er nevnt i kommunens kulturminneplan, men andre kan også søke. Midlene blir utdelt av levekårsutvalget. Pengene kan bli fordelt mellom flere søkere. Skriftlig søknad med detaljert plan og kostnadsoversikt må sendes Bjerkreim kulturkontor innen 1. oktober. Ved spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf 988 80 147.

## SPILLEMIDLER

Det er åpnet for å søke om spillemidler for 2023. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se: [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no). Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf 988 80 147. Søknadsfrist 1. november hvert år.

## INNSATSPREMIER

Innsatspremier deles ut hvert år på Kulturdagen i desember. Bjerkreim kommunes levekårsutvalg bestemmer hvem som skal få tildelt premiene.

Innsatspremier kan bli utdelt innen kulturområdene «Idrett og sport», «Sang, musikk og dans» og «Andre kulturgrener». Det er ingen automatikk i at utøvere som fyller kriteriene får prisen, noen må foreslå kandidatene.

Forslag med begrunnelse på kandidater til prisene kan sendes [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no) eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså.

Frist for å foreslå kandidater: 1. oktober  
Se Bjerkreim kommunes nettside under *Tjenester / Kultur, idrett og fritid / Kultur / Innsatspremier* for mer informasjon om kriteriene for prisene.

## BYGGESKIKKPRISEN 2023

Hvem bør få Bjerkreim kommunes byggeskikkpris i år? Prisen blir utdelt på kulturdagen 3. desember. Kom med forslag og begrunnelse på kandidat før 1. okt. Send til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no) eller Bjerkreim kommune, postboks 17, 4384 Vikeså.

## KANDIDATER TIL UNGDOMSRÅD

Ungdomsrådet skal ha 7 medlemmer og 3 varamedlemmer, og velges av kommunestyret den 3. oktober. Avtroppende ungdomsråd, elevrådet i ungdomsskolen, organisasjoner i Bjerkreim med ungdommer som medlemmer og målgruppe, samt innbyggerne i kommunen kan komme med forslag på medlemmer. Medlemmene må være i alderen fra 8. trinn til 18 år (de må ikke ha fylt 19 år på valgtidspunktet) og begge kjønn skal være representert med minimum 40 %. Medlemmene må være bosatt i eller ha tilknytning til Bjerkreim kommune. Medlemmene velges for 2 år, så virkeperioden blir to skoleår. Rådet velger selv leder og nestleder blant medlemmene. **Forslag på kandidater** kan sendes til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no) før 20. september.

## BYGDEKVINNELAGET:

Markensdag på Kløvetvedt  
søndag 3. september kl. 13.00 - 16.00.

Vi tar med pizzaovnen og barna kan lage sin egen pizza sammen med oss.

Velkommen til Markensdag!

## Kurs: Safting og sylting

2. september kl. 12.00 Bjerkreim skule, kjøkken. Fokus på å nytte frukt og bær på en god måte. Lær å lage deilig saft, syltetøy og syltede grønnsaker. Praktisk kurs med fokus på bærekraft og selvforsyning. Råvarekostnad. Påmelding til Anka, tlf. 975 211 22 snarast. Begrenset plasser. Åpent for alle!

## Tirsdag 12. september kl. 19.00.

Medlemskveld med strikk og drøs.

Enkel servering. Åpent for alle.

Varmt velkommen!

## Mandag 18. september.

Helse i hvert steg, med rusletur i nærmiljøet. Oppmøte på Esso kl. 18.00 for samkjøring. Magni håper du kommer og blir med på en hyggelig kveldstur.

## Onsdag 4. oktober

Bowlingtur til Bryne. Samkjøring fra Esso Vikeså kl 19.00. Etterpå går vi og spiser på Møllehagen restaurant. Påmelding Liv Karin, tlf. 91729184 innen 14. september.

Bli med!

## Årsmøte Bjerkreim

### Bygdekvinnelag

18. oktober kl. 19.00. Saker til årsmøtet må være innsendt 14 dager før.

**Syglede-helg** og husmorferie og på Obrestad fyr 3. -5. november. Flere kjekke syprosjekt og kurs med Olaug S. Johansen. Nyt god mat og turer med utsikt over fineste Jæren. Prisanslag kr 1500 pr. dag inkl middag, overnatting, sykurs og materiell til ett mindre syprosjekt. Dette passer for deg om du er 20, 60 eller 100 år. Påmelding til Ann Karin, tlf. 975 211 22. NB: bare 12 overnattingsplasser. For ytterlig informasjon; ta gjerne kontakt. Vi gleder oss til å ta imot dere på Obrestad fyr.



## SJAKK

Velkommen til eit nytt sjakksemester. Me samlast i Skjeraberget folkehelsehus, Pittervegen 6. Vanlege klubbkveldar ca annankvar måndag fra kl 18-22. Me anbefaler nybegynnara og dei som skal på skule dagen etterpå å prioriterer dei 2 fyrste timane, men du kan komme og gå som det passer. Eventuelle miniturneringar (med sjokoladepremie) startar ca kl. 18.15 og ca kl. 20.15.

11. september

25. september

23. oktober

6. november

20. november

4. desember

18. desember

Hautferieturnering  
sundag 8. oktober kl. 12-16

Nyttårssjakkturnering  
mandag 1. januar kl. 12-16

## BINGO

Bjerkreim helselag har bingo 13. september kl. 14.00-ca 16.00 i peisestova på Vikeså Misjonshus.

## DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø på tlf. 486 03 535

## BRETTSPILLKLUBB

Til deg som har lyst til å læra eit nytt brettspel eller har lyst til å spela favorittspelet ditt med nye folk: velkommen til Bjerkreim Brettspelklubb!

Tidspunkt: 13. september kl. 19.00.  
Stad: Skjeraberget folkehelsehus.

## POLITISK DEBATT

Velkomen til politisk debatt i Bjerkreim. Møt opp og høyr listetoppkandidatane i Bjerkreim samfunnshus 30. august kl. 19.30!

## ÆTTESOGELAGET

Torvskjæring og museum

Torsdag 7. september tur til Undheim for å sjå film om korleis torvskjæring gjekk føre seg før i tida. Etter ein matpause vil Tarald Oma visa rundt på Time bygdemuseum. Frammøte ved kommunehuset kl. 18.30 for å fylla opp bilane til Undheim.


Alle velkomne!

## BJERKREIM PENSJONISTLAG

Møte torsdag 28. september kl. 14.00 på samfunnshuset.

Inngangspenger kr. 50.

God mat, underholdning, loddsalg, bilderebus og mer.



## ELDREFESTEN

Bjerkreim samfunnshus onsdag 4. oktober kl. 18.00.

«Der ingen skulle tru at nokon kunne bu!» v/Oddgeir Bruaset.

Mannskoret «Frimenn» frå Jæren.

Intervju med den nye soknepresten; Per Børge Hillestad.

Middag. Kr. 200,- pr. pers. Betalast kontant eller med VIPPS i døra.

Påmelding innan fredag 30.09 til Tom Fjermedal – tlf.5120 1100 mellom kl.10-14.

eller [tom.fjermdal@bjerkreim.kommune.no](mailto:tom.fjermdal@bjerkreim.kommune.no)

## GLA' DANSEN

Starter onsdag 6. september kl. 17.30 i kulturbanken. Nye dansere er hjertelig velkomne. Fra 60 år og oppover.

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd og godt miljø!  
Onsdag 6. sept til Vaule.

Ta med drikke og sitteunderlag, niste ordner vi. Avreise kl. 10 fra Esso Vikeså.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne

## BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 20.09 kl. 19.30 på Vikeså Veiservice.

Quizmaster: Roald Ripland.

Startkontingent kr. 30,- . 4-mannslag.

Me har plass til fleire på denne uhøgtidelege, sosiale hjernetrimmen!

## BJERKREIM BRASSBAND

Starter opp med øvelser igjen  
tirsdag 29.8.23 kl. 19.30 i Kulturbanken  
Vi ønsker hjertelig velkommen. Nye medlemmer er også hjertelig velkomne, ta gjerne kontakt med Arne Bjerkreim på tlf. 916 19 041 om du har spørsmål.

## JILLE FREDAG

Ungdomsklubb fra 7.klasse og oppover.

Fredag 08. september

Fredag 22. september

Fredag 06. oktober

Velkommen i Skjeraberget folkehelsehus, fra kl. 19.00 - 22.30

## MINSTEN

På Minsten møtast barn under skulealder ilag med foreldre for å leika, drøsa og ha samling på Bjerkreim bedehus. Minsten er på onsdagar kl. 9.30-12. Spesielt velkommen til nye medlemmer.

## VALFEST

Bjerkreim KrF arrangerer valfest på Bjerkreim bedehus fredag 1. september kl. 19.30.

## BJERKREIM BARNEIDRETT

Oppstart av Bjerkreim barneidrett  
tirsdag 3. oktober kl. 17-18 i  
Bjerkreimshallen. Dette er et tilbud for barn i Bjerkreim kommune født i 2018, 2019 og 2020. Mer informasjon blir hengt opp i begge barnehagene etter hvert.

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 14. sept. kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

## BASARDAG

Bjerkreim bedehus, laurdag 16. september kl. 12.00.

Kafè med sal av risengraut, pølser i brød og kaffimat frå kl. 12.00.

Rulleappar.

Familiemøte kl. 13.00. Andakt av Aud Vihovde Hoftun. Song av Bjerkreim barnekor.

Barnebok, åresal og hovudtrekking.

Alle er velkomne!

Arr. Bjerkreim Normisjon

## LYS OVER LAND – MISJONSMØTER

Kretssekretær Odd Eivind Høyvik talar.

Tysdag 05.09. Espeland forsamlingshus.

Song av Gjermund Vassbø

Onsdag 06.09. Bjerkreim bedehus – song av Menighetsmusikken frå Sion, Moi.

Kaffiservering.

Torsdag 07.09. Ognedal bedehus – song av Liv-Valbjørg Bakke og Synnøve Helland.

Misjonsinformasjon og kollekt.

Alle møta byrjar kl. 19.30.

## BJERKREIM BEDEHUS

1. kl. 19.30 KrF-fest  
kl. 20.00 Fredagstreff saman med fredagsklubben på Vikeså misjonshus

5. kl. 19.30 Bønnemøte

6. kl. 19.30 Møte Lys over land

7. kl. 17.00 Barnekoret

8. kl. 19.30 Møtehelg Imf

9. kl. 18.00 Laurdagskveld med kveldsmat

kl. 18.45 Møte Imf med barnesamling

10. kl. 11.00 Endelig søndag Imf

kl. 11.20 Søndagsskule

11. kl. 18.30 Gutte og jentelaget (ute)

12. kl. 19.30 Bønnemøte

13. kl. 17.30 Global kvelds

kl. 19.30 Damenes aften (i kjellaren)

14. kl. 17.00 Barnekoret

15. kl. 20.00 Fredagstreff

16. kl. 12.00 Basar Normisjon

kl. 13.00 Familiemøte

18. kl. 19.00 Yngres

19. kl. 19.30 Logos bibelundervisning

21. kl. 17.00 Barnekoret

24. kl. 11.00 Familiemøte

25. kl. 18.30 Gutte og jentelaget

26. kl. 19.30 Bønnemøte

27. kl. 17.30 Global kvelds

28. kl. 17.00 Barnekoret

kl. 19.30 Møte Samemisjonen

29.-30. kl. 19.30 Møter Flymisjonen

## VIKESÅ MISJONSHUS

kl. 17.00 Soul Kids kvar torsdag

01. kl. 20.00 Fredagsklubb

02. kl. 19.30 BKU

04. kl. 19.00 YngRes og Korvett

06. kl. 17.30 Global kafè

06. kl. 18.00 Bønnemøte

10. kl. 17.00 Åpningsfest

12. kl. 19.30 Møte Samemisjonen

13. kl. 14.00 Bingo

13. kl. 20.00 Samtalemøte

18. kl. 19.00 YngRes og Korvett

20. kl. 17.30 Global kafè

25. kl. 19.00 Connect

29. kl. 20.00 Fredagsklubb



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE:

**Sundag 3. september kl. 11.00.**

G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 10. september**

IKKJE gudsteneste i soknet

**Sundag 17. september kl. 11.00.**

Gospelmesse i Bjerkreim kyrkje.

Presentasjon neste års konfirmantar.

Gullkonfirmantane deltek

**Sundag 24. september kl. 10.30.**

Markensgudsteneste på samfunnshuset

## DØYPTE

28.05.23 Anne Gjesdal

28.05.23 Hallvard Sundvor

28.05.23 Magnus Søyland

11.06.23 Eli Røysland Fitjar

11.06.23 Idar Ramsli Larsen

02.07.23 Solveig Sporsheim Rugland

16.07.23 Johannes Sato Haugland

20.08.23 Aksel Halvorsen

## VIGDE

10.06.23 Lisa Mari Bazanek og

Tor Ivar Espeland

24.06.23 Ane Oftedal Brembo og

Sindre Fjermedal

08.07.23 Nora Nevland og

Carl-Joel Thomas Nordberg

05.08.23 Elisabeth Moi og

Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim

## DØDE

19.06.23 Birger Høydahl

05.07.23 Otto Einar Vassbø

17.07.23 Ingebjørg Egeland

06.08.23 Tolleiv Laksesvela

14.08.23 Bernhard Sigurd Fossdal

15.08.23 Odd Vegard Olden Nedrebø

## CONNECT

Alle 7.-8. klassinger er inviterte til å bli med i bibelgrupper! OBS: Ny dato for oppstart 25. sept. Påmelding: [tinyurl.com/connect-bjerkreim](http://tinyurl.com/connect-bjerkreim)

## SAMLING FOR 50-ÅRSKONFIRMANTANE

Det er framleis råd å melde seg på middagen 17. sept. for 50-årskonfirmantane. Påmelding ved å betale kr 400 til Bjerkreim sokn, konto 3344 07 11257. Merk med 50-årskonf. og namn.

## KYRKJEVALET 2023

Alle som fyller 15 år i 2023 eller før kan stemme ved kyrkjevalet. Når du stemmer til soknerådsvalet kan du gje inntil tre kandidatar ekstrastemme.

Førehandsstemming: På kyrkjekontoret torsdag 31. aug. kl 15.00-20.00 og tysdag 5. sept. kl 08.30-15.00. Og i Bjerkreim kyrkje etter gudstenesta 3. september. Ta kontakt med kontoret for å finne ei annan tid, om det høver betre. Du kan òg stemme digitalt. Gå inn på valportalen [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no) og bruk BankID. Dette er ein enkel og lett forståeleg måte å stemme på.

Sjølve valdagen kan du stemme til kyrkjevalet på kommunehuset (bustadsadresse 4389 Vikeså) kl. 10-20 og i kjellaren på bedehuset (bustadsadresse 4387 Bjerkreim) kl. 10-19.

## SOKNERÅDSLISTA VÅR,:

1. Jane Fuglestad Rønning, 41 år
2. Valborg Bjerkreim, 31 år
3. Andreas Osland, 60 år
4. Annbjørg Gravdal Larsson, 51 år
5. Kari Tove Vikeså, 68 år
6. Aslaug Marie Undheim, 70 år
7. Kristoffer Gilje, 33 år
8. Tore Soteland, 61 år
9. Oddrunn Veen, 53 år
10. Olav Nygård, 39 år
11. Gunn Tone Grastveit Nilsen, 51 år
12. Gudbjørg Bjerkreim, 64 år
13. Jan Tore Gjedrem, 31 år

## TIL BISPEDØMMERÅDET/ KYRKJEMØTET STILLER FIRE LISTER:

1. Nominasjonskomiteens liste
2. Bønnelista
3. Frimodig kirke
4. Åpen kirkegruppe

Du kan stemme på både soknerådsvalet og bispedømerådsvalet, eller berre på det eine.

Meir om valet, kandidatane og dei ulike listene på [www.bjerkreimkyrkja.no](http://www.bjerkreimkyrkja.no)

## TRAFIKALT GRUNNKURS

Blir gjennomført i november. Meir info om dato og påmelding i neste nummer av Bjerkreimsnytt og på FB-sida til soknet.



## KJÆRE DERE!

Det var en stor glede for meg da jeg fikk vite at jeg skulle få begynne som prest i Bjerkreim. Selv kommer jeg fra en liten bygd som heter Alversund en liten times kjøring nord for Bergen, men jeg gleder meg til å bli bedre kjent med dere og de vakre grendene i Bjerkreim.

De siste årene har jeg fått være prest i Gulen i ytre sogn. Det er en smertefull prosess å skulle skilles fra mennesker som en er glad. Jeg kjenner imidlertid på en indre trygghet, fred og glede for det som ligger foran. Jeg er nysgjerrig av natur, og jeg er derfor spent på, sammen med dere, å få oppdage mer av det gode som Jesus gjør, og har, for Bjerkreim.

Jeg gleder meg nå til å få treffe dere ansikt til ansikt. Når jeg nå har fått mulighet til å skrive et par linjer her, vil jeg imidlertid benytte anledningen til å takke for den gode måten dere har møtt meg på i ulike sammenhenger. TAKK!

Jeg ønsker dere alle en god og fruktbar høst, og så snakkes vi plutselig.

Guds velsignelse!

Per Børge

## SMIL-MIDLAR - SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET

Bjerkreim kommune har fortsatt igjen litt SMIL- midlar av årets pott tildelt av Statsforvaltaren. Ta derfor kontakt med oss så snart som mogleg, dersom du har eit prosjekt du ynskjer å gjennomføra som kjem innafør ordninga. Dette kan til dømes vera:

- Fjerning av piggråd - tilskot ca. 10 kr/ meter
- Skjøtselplanar for beiting i kystlynghei
- Gamle bygningar på garden med historisk verdi
- Utviding/nye parkeringsplassar i tilknytning til merka turstiar i Bjerkreim
- Tak på gjødselkumme
- Hydrotekniske tiltak



*I Orsdalen har Morten Vassbø gjort ein stor jobb med fjerning av piggråd 😊*

## AVLINGSSVIKT?

Me hadde ein tørre vår og føresommar som framkalla dårlege minne frå tørkesommaren 2018. Frå Landbruksdirektoratet vart det tidleg sett i verk tiltak og informasjon dersom tørken skulle føra til mogleg produksjonssvikt, og dermed behov for å søka om tilskot ved produksjonssvikt. Denne ordninga omfattar fulldyrka jord og overflatedyrka jord, og gjeld for vekstgruppene grovfôr, korn, frukt, bær, potet og grønsaker. For å kunne motta tilskot ved produksjonssvikt, må føretaket gje kommunen melding om skade. Meldinga skal gjevast så snart skaden har oppstått eller vil kunna oppstå, slik at kommunen har høve til å kontrollera arealet på tidspunktet der klimaskaden påvisast. Meldinga skal sendast elektronisk via Altinn. Pr. no har ingen føretak i Bjerkreim meldt inn mogleg produksjonssvikt for grovfôr. Det første avlingstapet på 30 % må føretaket dekkja sjølv. Frist for søknad er 31.10.23

## TILSKOT FRÅ REGIONALT MILJØPROGRAM (RMP)

Du kan søkja om RMP - tilskot i tidsrommet mellom 15.09.23 og 15.10.23. Leverer du søknaden din etter 15.10.23, får du eit trekk i tilskotet på kr. 1 000,- pr. dag fram til og med 29.10.23. Etter det vert søknaden avvist.

Nytt av året er at regelverket for endring i søknadsdata er harmonisert med regelverket for produksjonstilskot. Det betyr at du kan gjera endringar i søknaden din fram til og med 29.10.23, utan avkortingar, såframt søknaden er levert innan søknadsfristen den 15.10.23.

Dei mest vanlege ordningane for Bjerkreimbonden er:

- Tilskot til drift av bratt areal (med helling 1:5 eller brattare). Du får nå tilskot frå fyrste dekar, grensa på minimum 15 da er fjerna. Foreløpige satsar: 150,- pr da for fulldyrka/overflatedyrka og 130,- for innmarksbeite.
- Tilskott til beiting av kystlynghei, her er ikkje tilskottssatsane endra, men det er viktig å merka seg at det frå og med 2023 er eit krav at kystlyngheia vert beita minimum 10 veker (8 veker før).
- Tilskot til vedlikehald av turstiar. Her er regelverket endra slik at ein ikkje lenger skiller mellom turstiar som ligg nærare budstadsfelt/hyttefelt enn 3 km og dei som ligg lenger frå. Førebels tilskotssats er på kr. 7,- pr meter, for dei turstiane som tilfredstiller kravet for å få tilskot. Husk å vedlikehalda merkinga av turstien dersom det er behov for det. Ta kontakt med landbrukskontoret, så får du gratis maling, merkeplår og gjerdeklyvarar.
- Ny ordning: Brenning av kystlynghei er ei heilt ny ordning der du kan få tilskot på kr. 400,- pr. da for brenning av kystlynghei i klasse A, B og C. Brenninga skal skje mellom 15.09 og 15.04, og skal alltid avklarast med lokalt brannvesen og lagas brannplan i forkant. Det skal gå minimum 10 år mellom kvar brenning. Maksimalt tilskot pr. føretak er 60 000,-.

Ta kontakt med landbrukskontoret om du treng hjelp til utfylling av søknaden, eller det er noko du lurar på. Du finn meir informasjon på heimesida til kommunen!

Lykke til!

## INFORMASJON

5 års-jubileum!



# MEN FYSST KAFFI

handbrent.no  
tegn et abonnement i dag på våre nye nettsider



GO Consult  
Olav Engelsgerd  
Tlf. 906 99 409  
[post@goconsult.net](mailto:post@goconsult.net)



**fjoscaml.no**

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

## Gitar og Handverk DA

### Gitarreperasjoner og rekvisita Blomsterdekor til alle anledninger, materiell

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså  
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk  
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

## Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim  
legekantor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekantor.no](http://www.bjerkreimlegekantor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!

 coop  
Vikeså

 coop  
byggmix

 EXTRA

 coop  
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



 Eigersund  
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222  
Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt  
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

## Fardal Bil AS

DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00  
[www.fardalbil.no](http://www.fardalbil.no)